

Fra: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@vlfk.no>

Sendt: 10.03.2023 13:27:10

Til: Kommunar i Vestland fylke - postmottak <kommunariVestland@vlfk.no>

Emne: Høyring: Temaplan breiband og digitalisering Vestland fylke 2023 -2029

Høyring - Temaplan breiband og digitalisering 2023-2029

Høyringsfrist: 14. april 2023.

Vestland fylkeskommune sender på offentleg høyring forslag til «Temaplan for breiband og digitalisering 2023 – 2029». Planen skal sikre at arbeidet knytt til digital infrastruktur og digitalisering blir samordna. Vidare legge føringer for verkemiddel som blir forvalta i fylket, og peike på moglegheiter og utfordringar når det gjeld digitalisering på kort og lang sikt.

For å få til dette er det viktig at Vestland fylkeskommune og dei andre regionale utviklingsaktørane i fylket, har ei aktiv rolle i endringane som kjem som følge av digitaliseringa av samfunnet. Mykje av infrastrukturen er på plass. No skal det utviklast samfunn, verksemder og tenester som tek i bruk den digitale infrastrukturen. Då trengs det meir kunnskap og innovasjon.

Planforslaget peikar på ein visjon og løftar fram prioriteringar, moglege finansieringskjelder, kven som har ansvar og korleis samarbeide om fire sentrale satsingsområde når det gjeld digitalisering:

Visjon: *Vestland skal vere leiande i å utnytte potensialet i digitalisering, for å sikre gode bu- og arbeidsområde i heile fylket.*

Satsingsområde:

1. Digital infrastruktur

Vestland skal ha ein godt utbygd digital infrastruktur, både fast og trådlaus. Breibandet skal vera raskt, tilgjengeleg og robust. Noko som er ein føresetnad for at distrikt, tettstader og byar skal ha like vilkår for å ta del i samfunnsutviklinga, tenestetilbodet og moglegheitene som den raskt aukande digitaliseringa medfører.

2. Digital samfunnsutvikling

Vestland skal nytte potensialet i digitalisering for å møte viktige samfunnsendringar knytt til aldrande befolkning, klimaendringar, truslar mot sikkerheit og nye ønskje om eit meir fleksibelt arbeidsliv.

3. Digital kompetanse

Vestland fylkeskommune skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan ta del i den digitale utviklinga i samfunnet.

4. Digital verdiskaping og innovasjon

Ein offentleg og privat sektor som saman med kunnskapsmiljøa utviklar og tek i bruk ny digital kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbod.

Linken under er til nettsida for planforslaget. Same stad finn de skjemaløysinga som skal brukast til å gje høyringsinnspel.


Høyring: Temaplan breiband og digitalisering Vestland fylke 2023 -2029 - Vestland fylkeskommune

Plan og høyringsrapport skal leggjast fram for fylkestinget 14-15. juni 2023

Med helsing

Hans Inge Gloppen
seniorrådgjevar

avdeling for næring, plan og innovasjon



Tlf: 97 41 40 40
www.vlfk.no